Midsund kommune

Møteprotokoll

| | |
|---|---|
| Utval: | **Formannskapet** |
| Møtestad: | Møterom, Midsund omsorgssenter |
| Dato: | 01.02.2016 |
| Tid: | 09:00 |

**Faste medlemmar som møtte:**

| Namn | Funksjon | Parti |
|---|---|---|
| Odd Helge Gangstad | LEDER | SP |
| Frits Inge Godø | NESTL | V |
| Inger Lise Trønningsdal | MEDL | H |
| Nora Helen Dyrseth Blø | MEDL | AP |
| Adrian Sørlie | MEDL | H |

**Faste medlemmar som ikkje møtte:**

| Namn | Funksjon | Parti |
|---|---|---|

**Varamedlemmar som møtte:**

| Namn | Vara for: | Parti |
|---|---|---|
| Lars Joar Hagseth (frå 12.30) | Nora Helen Dyrseth Blø | |

**Frå administrasjonen møtte:**

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Ketil Ugelvik | Rådmann |
| Arild Sjøvik | Økonomisjef |
| Inge Rakvåg | Teknisk sjef |
| Astrid Abelseth | Utvalsekretær |

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Odd Helge Gangstad

Frits Inge Godø

Inger Lise Trønningsdal

Adrian Sørlie

Lars Joar Hagseth

**SAKSLISTE**

| Saksnr | Innhald | Arkivsaknr |
|---|---|---|
| PS 16/1 | Referatsaker | |
| PS 16/2 | Tilbod om leige av Idavoll | 2015/498 |
| PS 16/3 | Driftstilskot Øyriket 2016 | 2016/6 |
| PS 16/4 | Delegasjonsreglement Formannskapet i Midsund | 2016/27 |
| PS 16/5 | Reglement Naturbruksnemd | 2016/18 |
| PS 16/6 | Klage på pålegg om montering av vassmålar - Bygdheim forsamlingshus | 2015/210 |
| PS 16/7 | Oppretting av tømming av avløpsvatn frå bubilar og fritidsbåtar i Midsund | 2014/24 |
| PS 16/8 | Val av avløpsløysing - Søknad om sanitærabonnement Gnr. 50 bnr. 97 og 226 - Midsund Marina | 2015/201 |
| PS 16/9 | Tiltaksstrategiar for særskilde miljøtiltak i landbruket ,(SMIL) , for Midsund kommune. 2015-2020 | 2015/513 |
| PS 16/10 | Generell grunnavtale for kommunale VA - ledningar på privat grunn | 2016/44 |
| PS 16/11 | 2-årig prosjektstilling investering | 2016/41 |
| PS 16/12 | Kommunereforma - retningsval og forhandlingar for Midsund kommune | 2014/347 |

Det vart halde møte i Midsund formannskap på Midsund omsorgssenter 1. februar 2016.02.02

Møtet vart leia av ordførar Odd Helge Gangstad.

Møtet tok til kl. 09.00.

5 voterande.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakslista vart samrøystes godkjent.

Møtet starta med:
Politikeropplæring i plandelen av plan- og bygningslova v/Johnny Loen.
Gunnar Kvalsund og Are Berset informerte om Simulatorsenter m.m.
Personalrådgjevar Ann Kristin Høgset orienterte om Debattheftet KS 2016
Beredskapskoordinator Astrid Abelseth la fram Beredskapsoversyn for Midsund kommune
Økonomisjef Arild Sjøvik informerte om status økonomi

Nora Helene Dyrseth Blø (AP) måtte melde fråfall frå 12.30. Lars Joar Hagseth (AP) møtte som vara frå PS 16/1.

Teknisk sjef orienterte om reguleringsplan Møreaksen og kurs - Plivo ("Pågående livstruende vold") for brannmannskap i Midsund kommune

Kort drøfting om skuleprosjektet

Orientering om
- Status for omregulering av Lyngjamarka
- Frivilligsentral 50 % stilling
- Status - Antonbua

**PS 16/1 Referatsaker**

**Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

Protokoll frå møte 17.12.2015 vert godkjent.

**PS 16/2 Tilbod om leige av Idavoll**

**Forslag til vedtak:**

1.Midsund kommune takkar ja til tilbodet frå styret i Idavoll og leiger/disponerer heile huset til april 2017.
2.Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med styret i Idavoll

**Behandling i Formannskapet - 01.02.2016**

Lars Joar Hagseth ba om å få vurdert sin habilitet som tidlegare medlem av styret for Idavoll, jf forvaltningsl. § 6første ledd bokstav e.

Han vart kjent habil med 4-0 røyster.
5 voterande.

**Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

1.Midsund kommune takkar ja til tilbodet frå styret i Idavoll og leiger/disponerer heile huset til april 2017.
2.Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med styret i Idavoll

**PS 16/3 Driftstilskot Øyriket 2016**

**Forslag til vedtak:**

Midsund kommune avslår Øyriket sin søknad om driftstilskot for 2016 .

**Behandling i Formannskapet - 01.02.2016**

Midsund Høgre la fram alternativt forslag:

1. *Øyriket får tildelt kr 15.000 til driftstilskot no.*
   *Midsund kommune vurderer å støtte filmprosjekt med kr 70.000 dersom kommunen blir tildelt midler til næringsfond i april/mai.*
2. *Avsetning til disposisjonsfond vert redusert med kr 15.000.*

Ved alternativ røysting vart Høgre sitt forslag samrøystes vedteke.

**Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

1. Øyriket får tildelt kr 15.000 til driftstilskot no.
   Midsund kommune vurderer å støtte filmprosjekt med kr 70.000 dersom kommunen blir tildelt midler til næringsfond i april/mai.
2. Avsetning til disposisjonsfond vert redusert med kr 15.000.

## PS 16/4 Delegasjonsreglement Formannskapet i Midsund

**Forslag til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner endringane i pkt 4 i delegasjonsreglementet for formannskapet. Nytt pkt 4 i delegasjonsreglementet følgjer saka som vedlegg.

**Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

Kommunestyret godkjenner endringane i pkt 4 i delegasjonsreglementet for formannskapet. Nytt pkt 4 i delegasjonsreglementet følgjer saka som vedlegg.

## PS 16/5 Reglement Naturbruksnemd

**Forslag til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner vedlagt reglement og delegasjonsreglement for Naturbruksnemnda.

**Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

Kommunestyret godkjenner vedlagt reglement og delegasjonsreglement for Naturbruksnemnda.

## PS 16/6 Klage på pålegg om montering av vassmålar - Bygdheim forsamlingshus

**Forslag til vedtak:**

Midsund kommune gir Bygdheim forsamlingshus kategorien Små forsamlingshus i perioden 2015 og 2016.

Midsund kommune opprettheld vedtaket om montering av vassmålar. Vassmålaren skal monterast innvendig i bygget.

**Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

Midsund kommune gir Bygdheim forsamlingshus kategorien Små forsamlingshus i perioden 2015 og 2016.

Midsund kommune opprettheld vedtaket om montering av vassmålar. Vassmålaren skal monterast innvendig i bygget.

**PS 16/7 Oppretting av tømming av avløpsvatn frå bubilar og fritidsbåtar i Midsund**

**Forslag til vedtak:**

Midsund kommunestyre vedtek å etablerer tømmestasjon for bubilar –og fritidsbåtar etter avtale av 25.01.16. med Midsund Marina.

Finansiering av tømmestasjonen:
Investeringa på kr. 190.000,- vert finansiert slik:
Låneopptak kr. 150.000,-
Momskompensasjon: kr. 38.000,-

**Behandling i Formannskapet - 01.02.2016**

Lars Joar Hagseth ba om å få vurdert sin habilitet, jf forvaltningsl. § 6første ledd bokstav e.

Han vart kjent inhabil med 4-0 røyster.
4 voterande.

Beløpet for momskompensasjon vart korrigert til 40.000,-

**Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

Midsund kommunestyre vedtek å etablerer tømmestasjon for bubilar –og fritidsbåtar etter avtale av 25.01.16. med Midsund Marina.

Finansiering av tømmestasjonen:
Investeringa på kr. 190.000,- vert finansiert slik:
Låneopptak kr. 150.000,-
Momskompensasjon: kr. 40.000,-

**PS 16/8 Val av avløpsløysing - Søknad om sanitærabonnement Gnr. 50 bnr. 97 og 226 - Midsund Marina**

**Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommune opprettar eit samarbeidsprosjekt med Midsund Marina for å få til ein tømmestasjon for bubilar -og fritidsbåtar i Midsund kommune.
   Under føresetnad av godkjenning frå kommunestyret på oppretting av tømmestasjon.

2. Midsund kommunestyre godkjenner avtalen med Midsund Marina av 25.01.16.

**Behandling i Formannskapet - 01.02.2016**

Lars Joar Hagseth ba om å få vurdert sin habilitet, jf forvaltningsl. § 6første ledd bokstav e.

Han vart kjent inhabil med 4-0 røyster.
4 voterande.

I punkt 2 vart *Midsund kommunestyre* retta til *Midsund formannskap.*

**Vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

1. Midsund kommune opprettar eit samarbeidsprosjekt med Midsund Marina for å få til ein tømmestasjon for bubilar -og fritidsbåtar i Midsund kommune.
   Under føresetnad av godkjenning frå kommunestyret på oppretting av tømmestasjon.

2. Midsund formannskap godkjenner avtalen med Midsund Marina av 25.01.16.

**PS 16/9 Tiltaksstrategiar for særskilde miljøtiltak i landbruket ,(SMIL) , for Midsund kommune. 2015-2020**

**Forslag til vedtak:**

Dei framlagde tiltaksstrategiane for særskilde miljøtiltak i landbruket i Midsund vert lagt til grunn for prioritering av bruk av midlane i Midsund kommune.

**Behandling i Formannskapet - 01.02.2016**

Odd Helge Gangstad ba om å få vurdert sin habilitet, jf forvaltningsl. § 6første ledd bokstav e.

Han vart kjent inhabil med 4-0 røyster.
4 voterande.

**Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

Dei framlagde tiltaksstrategiane for særskilde miljøtiltak i landbruket i Midsund vert lagt til grunn for prioritering av bruk av midlane i Midsund kommune.

**PS 16/10 Generell grunnavtale for kommunale VA - ledningar på privat grunn**

**Forslag til vedtak:**

1. Formannskapet godkjenner avtalen «GRUNNAVTALE FOR KOMMUNALE VA – LEDNINGAR PÅ PRIVAT GRUNN» av 20.01.16.

2. Avtalen skal også gjelde for 2015.

**Behandling i Formannskapet - 01.02.2016**

Det var einigheit om å stryke pkt 2 i forslag til vedtak.
*2. Avtalen skal også gjelde for 2015*

**Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

Formannskapet godkjenner avtalen «GRUNNAVTALE FOR KOMMUNALE VA – LEDNINGAR PÅ PRIVAT GRUNN» av 20.01.16.

**PS 16/11 2-årig prosjektstilling investering**

**Forslag til vedtak:**

Midsund kommune opprett ei 2-årig prosjektstilling for gjennomføring av planlagde investeringar.

Rådmannen får løyve til å avgjere kva for prosjekt som skal finansiere stillinga.
Finansiert frå investeringsprosjekta.

**Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

Midsund kommune opprettar ei 2-årig prosjektstilling for gjennomføring av planlagde investeringar.
Rådmannen får løyve til å avgjere kva for prosjekt som skal finansiere stillinga.
Finansiert frå investeringsprosjekta.

**PS 16/12 Kommunereforma - retningsval og forhandlingar for Midsund kommune**

**Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med kommunar i Romsdalregionen med føremål å kome til einigheit om framlegg til intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
2. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med Aukra med føremål å kome til einigheit om framlegg til ein intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
3. Forhandlingsutvalet får mandat til å framforhandle ein intensjonsavtale. Framlegget til intensjonsavtale skal skissere løysingar på politiske og administrative hovudutfordringar og på korleis ein ny kommune kan sjå ut. Intensjonsavtalen skal vere så tydeleg at han gir tilstrekkeleg grunnlag til å høyre innbyggarane ved rådgivande folkerøysting.
4. Dersom forhandlingsutvalet har behov for avklaringar under forhandlingane, kan gruppeleiarar, formannskap og evt. kommunestyret innkallast til eige drøftingsmøte.
5. Det vert gjennomført rådgivande folkerøysting måndag 25.april.

**Samrøystes vedtak i Formannskapet - 01.02.2016**

1. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med kommunar i Romsdalregionen med føremål å kome til einigheit om framlegg til intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
2. Midsund kommunestyre vil starte forhandlingar med Aukra med føremål å kome til einigheit om framlegg til ein intensjonsavtale for etablering av ein ny og større kommune.
3. Forhandlingsutvalet får mandat til å framforhandle ein intensjonsavtale. Framlegget til intensjonsavtalane skal skissere løysingar på politiske og administrative hovudutfordringar og på korleis ein ny kommune kan sjå ut. Intensjonsavtalen skal vere så tydeleg at han gir tilstrekkeleg grunnlag til å høyre innbyggarane ved rådgivande folkerøysting.
4. Dersom forhandlingsutvalet har behov for avklaringar under forhandlingane, kan gruppeleiarar, formannskap og evt. kommunestyret innkallast til eige drøftingsmøte.
5. Det vert gjennomført rådgivande folkerøysting måndag 25.april.

**Møtet vart heva kl 17.05.**